

Info til generalforsamling:

## **Brannsjikt og søknad om bruksendring for loftleilegheiter, Strindbo**

I samband med eit sal av loftleilegheita i 11C kom det fram frå takstmann at loftleilegheitene er bygd større enn det som opphaveleg var søkt om i 1955. Det betyr at delar av leilegheita per i dag ikkje er godkjent som buareal, men inngår i fellesareal på loftet. Her må vi få godkjent dette arealet ved ein søknad til kommunen. Det er i tillegg behov for endring av brannsjiktet, som må førast til tak. Det vil seie at vi må bygge ein vegg over veggane vi ser i fellesareaala i dag, og kle dei med gips. Vi har allereie starta prosessen i 11C, der vi har fått godkjent søknad. No tenker vi å sette i gang søknaden på dei resterande leilegheitene, å få gjennomført tiltaka her også. Primahus er engasjert for å gjennomføre tiltaka. Dette hastar for oss å få på plass, slik at leilegheitene blir godkjent i bruk, og blir sett på som naudsynt vedlikehald. Råka andelseigarar er kontakta direkte. Vidare har vi dekning på konto per i dag til å gjennomføre tiltaka utan ytterlegare låneopptak.

Tiltaka er under bygging/ferdig utbetra og kostnaden er estimert på rundt 850.000,- med alt av søknad, gebyr og sjølve bygginga.